



Kjell Tungesvik er av Fagforbundet i Kvinnherad tildelt Gullnåla for minst 20 år som tillitsvald i offentlig sektor.

**Fagforbundet i Kvinnherad har tildelt Kjell Tungesvik Gullnåla for over 20 år som tillitsvald. Kravet er minst 20 år. Kjell fekk si fyrste oppgåve som tillitsvald i 1998. Tildelinga er ei gullnål med diplom. Det er Forbundet lokalt som søker om denne tildelinga. Gullnåla med diplom vart overrekket Kjell Tungesvik på eit møte for nokre veker sidan.**

Kjell Tungesvik vart tilsett i Kvinnherad kommune i 1997, den gongen i Vaktmeistertenesta. Før det var han handverkar og lastebilsjåfør i privat sektor. Den lengste tida har Kjell vore tillitsvald på arbeidsplassen for Vatn, avløp, veg, park og bygg. Ein periode var han også tillitsvald for Brann og redning. Det same var han for reinhaldarane.

Han har hatt ulike verv i Forbundet, den lengste tida som varaleiar og som leiar for Yrkesseksjonen samferdsel og teknisk. Ei tid var Kjell med i styret i seksjonen på fylkesnivå.

Å vera tillitsvald i eit forbund med mange og ulike yrkesgrupper kan vera krevjande. Ein må vera med på lokale lønsforhandlingar og tilsetjingar. Innkomne saker bør løysast på lågast mogeleg nivå. Meir innfløkte saker går til

Hovudtillitsvald og vidare i systemet med administrasjonen. Dersom saker vert løfta opp på fylkesnivå, vert det ofte gjort juridiske vurderingar.

Å bli tildelt Fagforbundet si gullnål for minst 20 års teneste som tillitsvald skjer ikkje så ofte. Vi er faktisk usikker på om nokon frå Uskedalen er tildelt denne utmerkinga i offentleg sektor før.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Fagforbundet i Kvinnherad